



## Notat

Dato: 22.08.2014  
Arkivsak: 2014/558-72  
Saksbehandlar: ingtakl

---

<b>Til:</b>	Per Nordmark
<b>Frå:</b>	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

### Uttale til regional plan for attraktive senter - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Planen viser på ein grei måte korleis ein tenkjer seg senterstrukturen i overskueleg framtid. Ein del kommunar vil nok få slita med å utvikla sine kommunesenter og lokalsenter, då desse i stor grad har fått utvikla seg sjølv, utan noko særleg form for styring, og dette vil det bli vanskeleg å ta att. Spesielt innan transport vil det bli store utfordringar knytt til sykkel- og gangaksar, då senterstrukturen i dag er ganske uryddig.

Når det gjeld folkehelse, så ser ein at nokre av grunntankane ligg inne i planen, men omgrepet "Folkehelse" er heilt fråverande. Dette burde koma tydelegare fram, spesielt i samband med bustad, fritid og transport. Elles så ser rådet positivt på at "universell utforming" er med som grunntanke, spesielt innan transport.

Ein kan ikkje sjå at regjeringa sitt ønske om samanslåing av kommunar vil endra noko særleg på desse planane, men ein kan stilla spørsmål om størrelsen på regionssentra (10000 innbyggjarar) er i tråd med regjeringa sin kommunepolitikk.

Dei fleste kommunane i Hordaland har så lavt kundegrunnlag at det berre vil vera snakk om lokalsenter og kommunesenter. I desse tilfella er det viktig at desse blir samlokaliserte slik at ein ikkje får konkurranse mellom desse. Dette er noko planen kan gi anbefalingar om. Det er synd om det skal bli slik at ein går ein plass for å få utført offentlege tenester og ein annan for å handla nødvendige varer.

Ei stor utfordring kan bli å få kompetansen ut i kommunane. Ein ser i dag at det manglar mykje kompetanse, spesielt i dei små kommunane. Ikkje berre blant planleggjarane, men i stor grad også blant vedlikehaldspersonale. Dette ser ein spesielt der kommunane med enkle midlar vil prøva å gjera til dømes gangaksar universelt utforma. Også blant utøvande entrepenørar er det ein del hol i kompetansen.

Planen er eit godt arbeidsreiskap vidare. Den har gode overordna og strategiske mål. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil likevel presisere viktigheten av at rådet vert involvert i alle prosessar vidare. Små detaljer i planlegginga og utforminga kan nemlig være helt avgjørande om menneske med nedsett funksjonsevne får tilgang eller ikkje.

Ellinor Kreybu  
leiar